

KVINNHERAD
KOMMUNE

# Grafisk handbok

2018

# Innhald


02 Innhald
03 Forord
05 Kommunevåpen
06 Logo
11 Slagord
12 Typografi
13 Fargepalett
14 Årsfargar
15 Dekorelement/mønster
16 Bilete
17 Aksidens
18 E-post signatur
19 Stempel
20 Powerpoint
21 Framsider
22 Annonser
23 Brosjyre
24 Plakatmal/kursbevis
25 A4-mappe
26 Skilting
27 Klede
28 Bildekor

# Forord

Denne handboka representerer Kvinnherad kommune sin nye profil. Ein grafisk profil er den visuelle (synlege) identiteten til ei verksemd, som seier noko om kven dei er og skapar gjenkjennelegheit.

Ein gjennomført grafisk profil skapar tyngde og effektivitet. Den skal syta for at omgjevnadane lett skal sjå kven som er avsendar av ein bodskap. Handboka er eit hjelpemiddel for å sikra ein raud tråd i intern og ekstern kommunikasjon på vegne av Kvinnherad kommune. Den inneheld generelle retningsliner for logobruk, fargar, typografi og dekorelement, samt eksempel på malar for ulikt materiale.  Den grafiske profilen skal òg bidra til at dei tilsette i kommunen kjenner at dei er ein del av same organisasjon. Saman har vi eit felles ansvar for å bruka retningslinene på rett måte. Det gjer av vi framstår som truverdige.



# Kommunevåpen

Kommunevåpenet er godkjent ved kongeleg resulosjon 18. juni 1982, og vart vedteke av kommunestyret 5. april 1982. Det er teikna av Truls Nygaard, etter eit utkast av Magnus Hardeland. Motivet symboliserer dei to elvane i bygda Rosendal, Melselva og Hattebergselva, som renn saman like før dei går ut i fjorden.



# Logo

Kommunen sin logo er sett saman av kommunevåpenet og navnetrekket, med strek under. Den viktigaste funksjonen til logoen er å fortelje kven som er avsendar. Det er difor særs viktig at den vert brukt på rett måte. Utsjånad, proporsjonar og farge er konstant, og skal ikkje endrast.

Hovudlogo, i fargar, skal nyttast så sant det lar seg gjera. Vertikal logo skal nyttast når plassen krev ein smalare variant.

# Logo | Variantar

Det er viktig at logo er godt synleg, difor har vi fleire variantar til bruk.

90% svart skal nyttast når ein skal trykkja i berre ein farge mot lys bakgrunn. Det kan vera f.eks interne skriv og anna kontormateriell.

Negativ eller kvit variant, skal nyttast på farga, mørke og diffuse flater.



# Logo | Retningsliner

Sjå til at:

- logo vert plassert på bakgrunn som gjev god kontrast.
- det er luft rundt logo.
- logo ikkje forsvinn ved plassering på bilete.
- logo er lesbar (anbefalt minstestorleik er 25mm bredde for hovud variant, og 15 mm for vertikal variant).






# Logo | Einingsnamn

Einingar i kommunen skal ha namnet under streken. I dette tilfellet vert Kvinnherad kommune flytta lenger opp, slik at ein får plass til dette saman med einingsnamnet, midtstilt i forhold til kommunenamnet.

KVINNHERAD
KOMMUNE
Informasjon

KVINNHERAD
KOMMUNE
Seksjon kultur, næring og utvikling

# Logo | Samarbeid

Pass på at det er balanse mellom storleik i dei høva logo skal stå saman med andre. Ingen av dei skal dominera. Bruk den logovarianten som høver best, og bruke passeleg med luft mellom. Her vist med to døme.

KVINNHERAD
KOMMUNE

Kvinnherad
Næringsservice

KVINNHERAD
KOMMUNE

Aktiv fritid
- for alle
Kvinnherad

## Slagord

Slagordet er skrive i eigen font, og skal ikkje skrivast på anna vis. Det kan eksempelvis nyttast i botn på brevark saman med "Kvinnherad kommune" i eigen font.

KVINNHERAD KOMMUNE

*fellesskap og trivsel - utvikling og vekst*

# Typografi

God typografi er viktig for å sikre bra kommunikasjon mellom avsendar og mottakar. Skrifta skal vera tydeleg for lesaren, og lett å kjenna igjen. Det bør vera tydeleg skilje mellom størrelse på tittel og brødtekst. Bruk ikkje versalar i lengre tekstar.

Exo 2 er primærfonten som skal brukast i all profilmateriell. Den er godt leseleg, rein og moderne, og har stor skriftfamilie.

Calibri er standardfont på dei fleste maskinar, og er difor ein god erstatning til bruk på alle interne dokument.

Lemon Tuesday skal brukast som dekorfont i diverse reklamemateriell. Denne skal aldri nyttast i versalar.

EXO - PROFILFONT - brukast på trykte media og på internett

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ

abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå

CALIBRI - BRUKSFONT - *brukast i eigenproduksjonar o.l*

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ

abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå

Lemon Tuesday - dekorfont

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVW YZÆØÅ

abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå

# Fargepalett

Hovudfargane i profilen er valt ut med bakgrunn i logofarge og inspirert av fjord og kystlandskap. Dei to støttefargane skapar god kontrast, og kan nyttast for variasjon og elles i små mengder der ein ynskjer ekstra merksemd. Samtlege fargar er òg å finna i 75, 50 og 25% gjennomsiktigheit.

RGB-kodane er dei ein bruker internt i word og powerpoint. Dei andre er for designarar og leverandørar.

**Logo farge**

75% 50% 25%

CMYK: 100 - 0 - 0 - 0
RGB: 0 -158 - 224
Web: # 009ee0

**Varm blå**

75% 50% 25%

CMYK: 80 - 50 - 25 - 5
RGB: 56 - 111 - 145
Web: # 386f91

**Mørk blå**

75% 50% 25%

CMYK: 80 - 55 - 20 - 30
RGB: 47 - 84 - 120
Web: # 2f5478

**Turkis**

75% 50% 25%

CMYK: 80 - 0 25 - 0
RGB: 0 - 173 - 190
Web: # 00adbe

**Lime**

75% 50% 25%

CMYK: 35 -0 - 80 - 0
RGB: 188 -208 -80
Web: # bcd050

**Oransje**

75% 50% 25%

CMYK: 0 - 35 - 80 - 0
RGB: 248 - 180 - 66
Web: # f8b442

# Årsfargar

Interne dokument nyttar desse fargane til markering av inneverande år. Her lagt i rett rekkefølgje frå år 2018. I 2022 startar ein på nytt.

Ved bruk av foto må ein passe på at det harmonerer med fargen.

| | | | |
|---|---|---|---|
| RGB | RGB | RGB | RGB |
| 255 - 207 - 90 | 68 - 84 - 106 | 225 - 148 - 71 | 133 - 170 - 111 |

# Dekorelement

Den grafiske profilen for Kvinnherad kommune inneheld fleire grafiske element og mønster. Dette skapar eit særpreg og er med å tydeleggjera kommunen som avsendar.

Hovedelementet er teikna med inspirasjon frå den kvinnherske naturen. Dette er vidare delt opp i ulike element som kan nyttast alt etter kva produkt som skal framstillast.

Mønsteret er sett saman av gaffelkrossen frå kommunevåpenet. Dette kan nyttast i ulike fargar frå fargepaletten.

I handboka finn ein eksempel på bruk av elementa. Ved bruk saman med foto, bør ein velje ein farge som harmonerer med biletet. Elementa må nyttast slik at dei skapar god harmoni til resten av innholdet.





# Bilete

Bilete påverkar innhaldet i det vi ynskjer å formidla. Kva er bodskapen? Bruk av klåre, fargerike bilete, med menneske som viser kjensler, aktivitet og rekreasjon. Rett utanfor døra har vi storslått natur som er verdt å visa fram.











# Aksidens

Alle einingane nyttar felles konvoluttar. I elements er alle brevmalar og dokument lagra etter den nye profilen.



# E-post signatur

Alle tilsette i Kvinnherad kommune skal ha lik e-postsignatur:

- Skrifttype Calibri pt. 10
- Namn i bold
- Stilling i italic
- Nedste line i lys grøn, italic
- Mob. og evt. fastnummer førast opp
- Ein skil mellom info med ein strek.

Med helsing
**Kari Nordmann** | *Stilling*
Telefon: +47 00 00 00 00 | Mobil: +47 000 00 000
www.kvinnherad.kommune.no |

KVINNHERAD
KOMMUNE

*Tenk miljø før du skriv ut!*

# Stempel

Døme på stempel.

KVINNHERAD
KOMMUNE

KVINNHERAD KOMMUNE

01 MARS 2018

KVINNHERAD
KOMMUNE
Sektor teknikk og miljø

KVINNHERAD
KOMMUNE
Sektor omsorg, helse og sosial

# Døme på powerpoint

Det er fleire ulike malar å velja
i alt etter behov og ynskje.


















# Døme på framsider

Framside som ikkje inneheld foto, kan nytta fargane som er i paletten. Dersom det gjeld interne dokument (som budsjett og årsrapportar), er det eigne fargar som skal nyttast alt etter året ein er inne i (sjå side 14).



# Døme på annonse

Annonsene tilpassast alt etter storleik, tekst og innhald.






# Døme på brosjyre



# Plakatmal/Kursbevis

Plakatmalane kan nyttast til diverse inforskriv/oppslag. Ein kan nytta alle fargar frå paletten til mønsterbakgrunn og fjelltopp.

Kursbeviset førekjem i wordformat, og ligg lagra i elements med dei andre malane.












# Døme på A4-mappe



# Skilting

Alle skilt skal bruka same font, men berre Kvinnherad kommune (og rådhus) skal stå i store bokstavar. Kommunale bygg skal ha sitt namn først, med kommunenamn under. Storleik og materialbruk må tilpassast den enkelte fasaden, men samsvaret mellom kommunevåpen og namn er konstant.

KVINNHERAD RÅDHUS

Husnes brannstasjon

KVINNHERAD KOMMUNE

# Klede

Her gjeld same reglar som elles. Bruk den varianten av logo som høver best. Plassering nokonlunde som vist, alt etter klesplagg.

- Logo på bryst bør ikkje vere meir enn 8 cm brei.
- Logo på beinklede ikkje meir enn 10 cm.







# Bildekor

Dekor på bilar tilhøyrande Kvinnherad kommune skal ha lik formatering. Logo skal stå på begge dører, samt bak på bilen. Logo skal brukast i farge eller negativ, alt etter farge på bil. Storleik på logo tilpassast den enkelte type bilmodell.








Folgefonna nasjonalpark,
Bondhusdalen
Foto: Jan Rabben

KONTAKT OSS
Rosendalsvegen 10 | 5470 Rosendal
Tlf: 53 48 31 00 | Fax: 53 48 31 30 | Org. nr: 964 967 636
post@kvinnherad.kommune.no | www.kvinnherad.kommune.no